

## Ledige stillingar i Klepp fellesråd og Klepp kyrkjelyd.

Klepp kommune har i overkant av 20 000 innbyggjarar og ligg på Jæren, ca. 25 km sør for Stavanger.

Fellesrådet består av fire aktive, men ulike kyrkjelydar; Bore, Klepp, Orre og Frøyland/Orstad. Kvar kyrkjelyd har sokneprest, dagleg leiar og eigen stab med tilsette. I tillegg er det eit stort korps av frivillige. Det drives eit mangfaldig og rikt arbeid i kyrkjelydane.

Stabane i Bore, Klepp og Orre er samlokalisert med fellesrådet på kyrkjekontoret i Klepp sentrum, mens staben til Frøyland/Orstad har egne kontorlokale i kyrkja.

Vi er i endring og utvikling og treng nye medarbeidarar:

Diakon eller diakonimedarbeider, 100% fast stilling  
Kateket eller kyrkjelydspedagog, 60% fast stilling  
Kyrkjelydspedagog eller kyrkjelydsmedarbeider, 70% fast stilling  
Kyrkjelydsmedarbeider, 90% fast stilling

Kateket og kyrkjelydspedagog/kyrkjelydsmedarbeidar vil ha arbeidsstad i Klepp sokn og tilhøyra stabsfellesskapet i soknet, mens diakon/diakonimedarbeidar vil ha arbeidsstad i alle kyrkjene, men inngå i stabsfellesskapet i Klepp sokn.

Les meir om kyrkjelydane på våre nettsider.

### **Klepp kyrkjelege fellesråd søker etter diakon/ diakonimedarbeider 100% fast stilling.**

Meir himmel på jord er visjonen me arbeider etter. I alt me gjer ynskjer me å visa små glimt av himmelen. Me vil at Klepp kyrkjelyd skal vere ein god stad å vera, voksa og verka. Me arbeidar for å realisera denne visjonen gjennom dei ulike tiltaka kyrkjelyden har.

Klepp kyrkjelyd er ei sjudagers kyrkje med mange aktivitetar. På sundagar er det ofte over 200 på gudsteneste, inkludert nærare 40 barn som er ein del av kyrkja sitt søndagsskularbeid.

Kyrkjelyden gler seg over mange aktivitetar, deltakarar og ikkje minst mange frivillige. Hausten/vinteren 2026 flytter me inn i ny kyrkje i Klepp sentrum.

Kyrkjelyden står ovanfor ei kjekk og spennande tid framover. Me «skor» oss for flytting, endring og vekst i dei aktivitetane og tilboda me har i dag.

I dag består staben i Klepp kyrkja av 12 personar.

## Arbeidsoppgåver

Som diakon/diakonimedarbeider får du ansvaret for kyrkja sitt diakonale arbeid for alle generasjonar. Aktuelle oppgåver:

- Ansvar for kyrkjelydane sitt diakonale arbeid saman med tilsette og frivillige medarbeidarar.
- Rekruttere og følgje opp frivillige medarbeidarar.
- Vidareutvikle kyrkjelydane sine diakoniplanar saman med diakoniutval og stab.
- Planlegge og gjennomføre tiltak etter diakoniplanane
- Planlegge og gjennomføre arrangement for bestemte målgrupper
- Planlegge og gjennomføre spesialgudstenester/diakonale gudstenester saman med andre.
- Ansvar for HEL-arbeidet i kommunen med fokus på å inkludere personar med ulike funksjonsutfordringar.
- Andakt på institusjonar
- Besøksteneste, samtale- og sjelesorgarbeid, i samarbeid med prestane.
- Vere ei fagleg ressurs for kollegaer.
- Legge til rette for og samhandle med kommunen og andre organisasjonar.

## Kvalifikasjonar

- Utdanning som diakon i samsvar med gjeldande tenesteordning.
- Søkar som har høgare relevant utdanning kan verta vurdert. Det kan verta lagt til rette for at ein kan ta masterutdanning innan diakoni
- Erfaring frå diakonalt arbeid.
- Gode evner til relasjonsbygging og til planlegging/administrasjon av arbeidet.
- Søkar må beherske godt norsk, både skriftleg og munnleg.

## Personlege eigenskapar

Til alle stillingane vart det lagt stor vekt på personleg dugleik til stillinga.

Du er:

- Heilskapstenkande, strukturert og fleksibel.
- Kontaktskapande og omsorgsfull ovanfor medmenneske.
- Gode kommunikasjons- og samtaleevner.
- Gode samarbeidsevner.
- God til å inspirera frivillige til teneste
- Sjølvstendig og god til å arbeide i team

## Me tilbyr

- Triveleg arbeidsmiljø og stabsfellesskap.
- Fleksibel arbeidstid.
- Moglegheit for å prege stillinga etter egne interesser og ferdigheiter.
- Lønn og godtgjersle etter kvalifikasjonar og satsar for kyrkjeleg sektor ihht KAs tariff.
- Pliktig pensjonsordning i KLP
- Kontorplass på kyrkjekontoret på Klepp.

## Andre opplysningar

- Lokal kjennskap til kommune og kyrkjelyd vil vera eit fortrinn
- Deler av arbeidstida er knytt til ettermiddagar, kveldar og helger
- Må disponere bil
- Søkjar må være medlem i Den norske kyrkje
- Prøvetid på seks månader
- Tilfredsstillande politiattest må leggjast fram før tilsetjing, jfr. Trossamfunnslovens § 20
- Arbeidsgjevar er Klepp kyrkjelege fellesråd, arbeidsstad er alle kyrkjene i Klepp, men stillinga er knytt til stabsfellesskapet i Klepp kyrkjelyd

## Informasjon om søknadsfrist mm

Søknadsfrist: 16.02.2025

Stad: Kyrkjene i Klepp

Stillingstittel: Diakon eller diakonimedarbeider

Stillingar: 1

Heiltid / Deltid: Heiltid

Tilsetjingsform: Fast

Stillingsprosent: 100%

Arbeidsgjevar:

Klepp Kyrkjelege Fellesråd, Kleppevarden 2, 4350 Kleppe, Norge

Kontaktpersoner:

Hilde Norland Djønne, dagleg leiar i Klepp sokn, 481 25 450

Arvid Kaspersen, kyrkjeverge i Klepp kyrkjelege fellesråd, 401 57 641